

# Kyrkjebladet for **VAKSDAL**

74.ÅRG./NR.1-2020 / [www.kyrkja.no/vaksdal](http://www.kyrkja.no/vaksdal)

**GOD PÅSKE**  
til og frå  
kyrkjelydane  
i Vaksdal!



**KIRKENS NØDHJELP**  
actalliance

[FASTEAKSJONEN.NO](http://FASTEAKSJONEN.NO)

GI EIT LIV MED VATN VIPPS TIL 2426  
ELLER SMS VANN TIL 2426 (200,-)

**Min salme**

Side 4

**Korona**

Side 5

**Lars Patterson**

Side 6-7

[www.kyrkja.no/vaksdal](http://www.kyrkja.no/vaksdal)

**DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL****Kyrjekontoret for Vaksdal**

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20 (felles for alle tilsette)

E-post: kyrjekontoret.vaksdal@kyrkja.no

**Ekspedisjonstid:****Tysdag og onsdag kl. 11.00-14.00****Kyrkjeverje Bjart-Magnus Ndogo Rosvold**

Mobil 97 69 75 62

E-post: br233@kyrkja.no

**Sokneprest Edvard Bø**

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Mobil 90 84 06 24

E-post: eb447@kyrkja.no

**Sokneprest Frode Kvamsøe**

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen

og Nesheim sokn

Mobil: 90 19 65 14

E-post: fk796@kyrkja.no

**Trusopplærar Kristin Straume Audestad**

Mobil: 95 76 63 79

E-post: ka263@kyrkja.no

**Organist Ruben S. Gjertsen**

Mobil: 92 45 20 98

E-post: rg794@kyrkja.no

**Organist Anton Proskurnin**

Mobil: 48 23 29 77

E-post: ap244@kyrkja.no

**Vaktmeister Ottar Dalseid**

Mobil: 97 67 46 16

E-post: od622@kyrkja.no

**Samtale med presten**

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Informasjon om gudstenester,  
konfirmanttida og Kyrkjebladet finn du på  
[www.vaksdal.kyrkja.no](http://www.vaksdal.kyrkja.no)

**GATEADRESSER:****Bergsdalen kyrkje:** Bergsdalsvegen 1065**Dale kyrkje:** Kyrkjegata 1**Eidsland kapell:** Eidslandsvegen 2014**Eksingedalen kyrkje:** Sørdalsvegen 10**Nesheim kyrkje:** Nesheimsvegen 31**Stamnes kyrkje:** Grupevegen 19**Vaksdal kyrkje:** Vaksdalsgarden 34

*Bilete på framsida er ein montasje over kyrkjene i  
Vaksdal, laga av organist Ruben Gjertsen.  
Me kallar montasjen for «VaksdalGlobus»*

# I denne tida...

Det er ikkje ofte eg vaknar medan eit dikt fortsatt surrar i hovudetet mitt. Men det gjorde eg denne morgonen. Ta vare på kvarandre i tida som kjem. Løft opp telefonen, ring ein ven. Det er ofte so lite som skal til, og de kan bety uendeleg mykje.

*Bjart-Magnus N Rosvold**Kyrkjeverje***Tung tids tale**

Det heiter ikkje: eg – no lenger.

Heretter heiter det: vi.

Eig du lykka så er ho ikkje lenger berre di.

Alt det som bror din kan ta imot av lykka di, må du gi.

Alt du kan løfte av børa til bror din, må du ta på deg.

Det er mange ikring deg som frys, ver du eit bål, strål varme ifrå deg!

Hender finn hender, herd stør herd, barm slår varmt imot barm.

Det hjelper da litt, nokre få forfrosne at du er varm!

*- Halldis Moren Vesaas -***Fellesrådsleiar:**

Lars Patterson

tlf. 91 88 78 25

e-post: lars.patterson@vetlejord.com

**Soknerådsleiarar:**Bergsdalen: Lise-Lotte D. Småbrekke,  
tlf. 91 34 03 64

Dale: Brith Kydland,

tlf. 48 13 06 64

Eksingedalen: Bjørg Lavik,

tlf. 95 14 37 76

Nesheim: Gøril Kvinge Nesheim,

tlf. 93 05 46 36

Stamnes: Bjørn Stamnesfet,

tlf. 41 41 33 51

Vaksdal: Grete Loftheim Dale,

tlf. 99 26 81 28

**Den norske kyrkje si heimeside:**[www.kyrkja.no](http://www.kyrkja.no)**Bjørgvin bispedømme****si heimeside:**[www.kyrkja.no/bjorgvin](http://www.kyrkja.no/bjorgvin)**Bibelen på nett:** [www.bibel.no](http://www.bibel.no)**KYRKJEBLAD FOR****VAKSDAL**

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 250,-

Annonsepris: kr 4,- pr. sp.

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

**Bladstyrar:**

Kyrkjeverja i Vaksdal

**Grafisk utforming:**

VaksdalPosten

**Kasserar:**

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,

boks 113, 5721 Dalekvam

**Eksp. og trykk:**

Bodoni AS, avd. Hardanger,

Øystese

Tlf. 46 63 09 33

**Retur til:** Kyrjekontoret

for Vaksdal, Pb. 113,

5721 Dalekvam

**Stoff til neste nr. må vera kome inn til 2. juni.**



**Fire stolar:** Bilete syner fire stolar som står framme i Dale kyrkje. Dei vart sett opp slik under Borna sin påskedag for to år sidan. Stolane og det som står rundt dei symboliserer kvar sin dag i påska. - Greier du å sjå alle symbola og kva dei kan fortelje deg?

## *Påska: Kva skjedde? Og kva så?*

**Påska** står for døra. Kvar påske er ny - og litt annleis - for oss. Slik er det gjerne med dei fleste dagane elles og. Men denne påska er veldig ny og annleis! Det vil seie: Bodskapen er ikkje ny, men dagane våre er ikkje slik dei har brukt å vere.

Me har ikkje gudstenester i kyrkjene våre denne påska, slik det ser ut når denne andakten blir skriva eit par veker før påskeveka. Men det blir likevel påske! Og påska sin bodskap gjeld framleis!

Dei fire stolane fortel oss om fire dagar me særleg stoppar opp for i påska:

**Palmesøndag** er dagen då Jesus kom til Jerusalem for å feire påske. Det var ikkje venta at han skulle koma grunna motstandarane han hadde. Men han kom, og vart ynskt velkomen av born og vaksne som mellom anna vifta me palmegreiner.

**Skjærtorsdag** var dagen alle jødane skulle samlast til måltid, så det gjorde Jesus og læresveinane og. Og til deira store overrasking ville han vaske føtene deira, slik som tenarar vanlegvis gjer. Det fekk han likevel lov til. Det gav dagen namnet Skjærtorsdag, då «skjær» er eit ord som mellom anna tyder rein.

**Langfredag** var verkeleg lang, frå Jesus vart teken til fange om natta til han døydde på krossen tidleg om

kvelden. For Jesus var det ein lang og smertefull dag, men for oss andre ein dag som betalte all skuld og gjeld, ja ein dag som sona vår syndeskuld.

**Påskedag** er dagen for hendinga me ikkje hadde rekna med. Somme hadde høyrte at det skulle skje, men kunne ikkje skjønna det. Denne dagen vann Jesus over døden og vart levande att. Grunna dette får alle som trur på Han del i det evige livet. Me kan seie: Det umoglege vart mogleg, og det som var utrueleg vart mogleg å tru.

**Påska** er ikkje berre ei forteljing. Ho er ei hending. Det hendte, uavhengig av kva me trur eller meiner me veit. Uavhengig av om me likar hendinga eller ikkje. Men me kan få lov til å ta imot trua på at det hendte og trua på kva det tyder for oss i dag. Me kan jamvel få lov til å møte den oppstadne og levande Jesus. Ikkje ved å ta på han og vere fysisk saman med han, slik det var for læresveinane og dei andre han møtte etter oppstoda. Men me møter han i nattverden, der me får fysiske teikn på fellesskapet med Han. Og i Bibelen si forteljing om han. Og i bønna til den treeinige Gud; Faderen, Sonen og Den heilage ande.

Så møt den oppstadne Jesus Kristus, og ta imot det Han har å gje deg.

*Eg ynskjer dykk alle ei velsigna god påskehøgtid!*

*Med venleg helsing*

*Frode Kvamsøe*

# Min salme

**Herborg Holt Lid vart i sist nummer av Kyrkjebladet utfordra til å skrive om sin salme:**

Min salme...? Ikkje lett å velja. Mange salmar har gjort sterkt inntrykk.

I småskulen måtte me pugga salmevers i fleng, og den som trekte pusten litt lenge mellom to vers, fekk eit strengt: "Sitt ned!" og heile salmen x 2 i straffeskrift til dagen etter. Men metoden til lærarinna vår virka. Enno i dag ligg tekstane som perler på snor, spikra fast i minnet - og mange har fått djupare meining og gjort sterkare inntrykk etter som åra gjekk.

Men etter å ha bladd litt både i minnet og i salmeboka, kjem eg alltid attende til den salmen eg har songe oftast og som nok har betydd mest for meg:

Fager kveldssol smiler. Den er tysk, forfatta av August Heinrich von Vallersleben i 1873. Det var Peter Hognestad frå Time på Jæren, som oversette den til norsk. Hognestad var m.a. forfattar, språkforskar, prest og biskop.

Han gav oss og Leid milde ljøs og Det hev ei rosa sprunge.

Fager kveldssol var fyrste salmen eg lærde, av besto mi. I kårstova hennar var det trygt og godt å vera, og mest kvar dag las ho litt for meg i Bibelen eller ei andaktsbok, så bad me Fadervår og til slutt song me Fager kveldssol.

Dei siste åra ho levde var eg som las og song for henne.

Seinare song eg Fager kveldssol etter kvedsbøna for mine born og etterkvart for dei ni barneborna.

Til avslutning på 75-årsfesten min stilte dei seg opp alle i hop og song Fager kveldssol. Besto vart nok litt rørt då...

Både tekst og tone åndar fred og ro. Vakre naturbilete dukkar opp bak lukka augnelok. Tanken på ei fager kveldssol,

lyden av bekken som brusar og jord og himmel som kviler stilt i heilag ro, lindra og trøstar. Serleg etter dagar som var vonde og skapte uro i sinnet. Og ikkje minst den gode slutten, med trua på at me skal få kvila i Guds Faderarm...

I all si enkelheit har dene salmen vore ein god fylgiesvein heile livet. Den vekkjer takksemd og glede over alt det gode og fantastiske Gud har gjeve oss. Himmel og jord - og sjelefreden og kvila me opplever i vår vakre natur.

Denne salmen styrkjer barnetrua og håpet om at den gode Far gjev oss nåde, tilgjeving og velsigning. Og attåt ei trøstefull tru på at han opnar sine faderarmar og ber oss heim til seg den dagen livet her på jorda ebbar ut.

*Nr 817 i Salmeboka*

*T: A. H. H. von Fallersleben 1837*

*O: Peter Hognestad 1904*

*M: J. Chr. H. Rinck omkr 1814*

***Fager kveldssol smiler  
over heimen ned,  
jord og himmel kviler  
stilt i heilag fred.***

***Berre bekken brusar  
frå det bratte fjell,  
høyr, kor sterkt det susar  
i den stille kveld!***

***Ingen kveld kan læra  
bekken fred og ro,  
ingi klokke bera  
honom kvilebod.***

***Så mitt hjarta stundar,  
bankande i barm,  
til eg eingong blundar  
i Guds faderarm.***

***Herborg utfordrar Jorunn Brekke til  
å skrive om sin salme i neste nr. av  
Kyrkjebladet.***

# Når kyrkjene er stengde

Grunna koronapandemien er kyrkjene stengde for vanlege gudstenester. Det er berre gravferder og små kyrkjelege handlingar som kan utførast med få menneske til stades. I denne tida søkjer me å nå kyrkjelydane våre på nye måtar inn i heimane. Det vil vere gudstenester på radio og TV, samt på nettet sentralt. Lokalt i Vaksdal vil me lage gudstenesteopplegg på heimesida vår på ein litt enklare måte. Me gjer det enkelt med tekst, bilete og musikk.



I Eksingedalen kallar dei gudstenesta for preik. I ei krisetid er det viktig å nå ut med gudsord til trøyst og oppmuntring. Me vil leggje det opp i forhold til dei gudstenestene som skulle ha vore i ei av kyrkjene når det gjeld tekstar og salmar. Me skriv altså inn nokre salmar og bibeltekstane for dagen, Presten skriv ei preik/ andakt. Så tar me med bønner og velsigning. Organisten Ruben Gjertsen vil og spele inn musikk på orgelet i

ei av kyrkjene, til dømes Dale kyrkje. Her er altså eit opplegg som kan lesast, og lyttast til.

I familiar der fleire vil vere til stades i heimen, kan ein lage seg til ei lita gudstenestestund saman. Lag gjerne til med eit bord med duk og eit tent lys. Fleire kan dele på å lese høgt. Ein kan syngje salmar saman. No i påskehøgtida vil me sø-

kje å lage ei heilskap mellom dagane. Det vil vere litt rart å ikkje få ha ei slik viktig høgtid i kyrkja, men me får gjere det beste ut av det. Om mogeleg vil det vere fint å kunne markere dagane med ulike blommar som raude roser til og med Langfredag og påskeliljer på Påskedag. Dette er ikkje anna enn forslag for dei som vil gjere noko ut av det. Kan no-

kon i heimen spele eit instrument eller syngje, kan dei vere med og skape høgtid. I den eldste kyrkja hadde dei gudstenester i heimane. Det er likevel heilt greitt å gjere det så enkelt som mogeleg. Ein kan og leggje til eigne bønner for det som ligg ein på hjarta både når det gjeld nære relasjonar, og når det gjeld dei store tinga som skjer rundt oss i verda.

Me vert minna om det som er det viktigaste i tilværet. Når mange les Guds ord i lag og bed til Gud so vil me kjenne eit fellesskap sjølv om me er på kvar vår stad. Slik er det jo med altarringen i kyrkja. Den har ein usynleg del som symboliserer einskapen med den verdsvide kyrkja. Må Herren Jesus Kristus vere med dykk og velsigna kvar og ein gjennom denne krisa. Me er alle sårbare og små. Då er det godt å rette blikket mot vår Frelsar og Herre. Fred vere med dykk.

**Helsing  
sokneprest Edvard Bø**

## Kyrkja og Koronaviruset

Når eg sit og skriv dette, er kontoret tomt og alle tilsette er på heimekontor. Som mange sikkert har fått med seg er Kyrjekontoret stengt for offentlegheita. Slik kjem det nok til å vera i fleire veker frametter. Kor lenge me har denne situasjonen veit me ikkje. Vonleg veit me litt meir når du sit med dette bladet i hendene dine.

For dei som jobbar i staben på Kyrjekontoret har dette fylgjande konsekvensar: Alle har heimekontor, og jobbar so mykje som mogleg heimefrå. I kyrkjene våre er det god plass, og organistane har no fått meir tid til å øve inn fin

musikk, som me kan høyra både på nettet, og seinare i kyrkjene.

Alle kyrkjelege handlingar so nær som gravferd er satt på vent. Som de kan lesa er det mogleg å gjennomføre dåp, men ikkje som ei vanleg dåpsegudsteneste. Organistane spelar sjølvakt i dei kyrkjelege handlingar som me måtte ha. Trusopplærar og organistar og prestar jobbar med å gjera kyrkja i Vaksdal meir tilgjengelege på nett. Når me ikkje fysisk kan vera ilag, er det godt å kunne nytta internett til å vera saman, om enn på ein annan måte.

Frametter ser me at soknerå-

da nok kjem til å spela ei meir viktig rolle. Dei har stor lokalkunnskap og dei veit kva folk rundt om i bygdene har behov for. Nokon treng kanskje ein telefon frå nokon som har tid til å slå av ein prat. Andre sit kanskje i isolasjon, og treng hjelp til å handle inn daglegvarer. Her er sikkert mange andre oppgåver som sokneråda og dei frivillige i kyrkjene våre kan vera med å hjelpe til med.

Me i kyrkja fylgjer dei råd og påbod som offentlege og kommunale myndigheter til ei kvar tid bestemmer. Du finn meir info om oss på natssidene våre [www.kyrkja.no/vaksdal](http://www.kyrkja.no/vaksdal)



Og hugs, me er berre ein telefonsamtale vekke!

**Bjart-Magnus  
Ndogo Rosvold  
Kyrkjevevjerje**

# - Kyrkja har mykje å bi

Møt Lars Patterson (60), den nye leiaren i Vaksdal kyrkjeleg fellesråd.



Foto: privat

*Korleis var det å bli spurt om å stille til val for soknerådet?*

- Det var veldig greitt, det. Eit tidlegare medlem sa at «no er det din tur», så eg sa ja. Det er viktig med desse staden som held bygdene saman, slik som kyrke, skule og butikk, synes eg. Dei kristne verdiane fekk eg inn som barn, og det er viktig å la denne trua prege oss slik at me lever slik me lærer. Då eg budde i London var eg og innom Sjømannskyrkja der.

Etter kyrkjevalet i haust kom Lars inn i Eksingedalen sokneråd. Dei valde han til rådet sin representant i Vaksdal kyrkjelege fellesråd, og der vart han jammen valt til leiar! Det valet var i desember, og gjeld i fyrste omgang for eitt år.

Lars bur på Vetlejord i Eksingedalen, der familien har halde til i generasjonar sidan 1612. Etter Svartedauden låg Vetlejord og andre stader i Eksingedalen øyde. Johannes Vetlejord kjøpte bruket av ein forretningsmann i Bergen som hadde kjøpt fleire gardar av det som den gongen var kyrkjegods.

- Oldefaren min på farssida kom frå Sverige til Bergen i 1880, og i samband med opplysinga av unionen med svenskane i 1905 endra han namnet frå det svenske Pettersson til det meir skotsk-klingande Patterson.

- Mormor mi Inga var syster av Sigurd og Ivar Vetlejord. Rasmuss og Brita Vetlejord var mine oldeforeldre.

## Odda

-Lars sjølv er fødd i Odda, der foreldra dreiv Grand hotell. Lars vaks såleis opp med ei kyrkje som nabo.

- Dei hadde ikkje innlagt vatn i Odda kyrkje då, så når det skulle vere dåp kom dei og henta dåpsvatnet i baren på hotellet,

minnest Lars. Då han sjølv vart døypt fekk han presten Lars Lommelde som ein av to fadrar.

- Han var og i konfirmasjonen min. Og eg hugsar at han i selskapet då sa: Det finnes ikkje noko helvete, det er det me som lagar her på jorda.

Etter folkeskulen gjekk Lars på gymnaset i Odda. Tettstaden var elles prega av å vere ein industristad, og til dømes gjekk alle i 1. maitoget.

- Slik var det vel og på Dale den gangen. Eg kjenner igjen mykje av tilhøva på ein industristad.

Verneplikta avtente Lars i Sjøforsvaret, der han og tok ei utdanning og såleis fekk eit pliktår i tillegg.

- Eg grudde meg eigentleg til militæret for eg lika ikkje å bli kommandert.

## Vetlejord

Lars kjenner seg nært knytt til Vetlejord og Eksingedalen, men ikkje berre gjennom dei historiske røtene. Det var på Vetlejord han hadde sommarferiane sine i oppveksten, hos grandonklane Sigurd og Ivar. Der lærte han å køyre med hest, slå med ljå, og vart godt kjend med folka og kulturen i dalen.

- Eg kjende meg heime der. Og eg hugsar at det var litt av ei reis å kome seg til Vetlejord. Fyrst var det buss til Kinsarvik, så ferje til Kvandal, buss til Granvin, tog til Voss, tog til Dale, buss til Straume, så båt



**Fellesrådet:** Lars (Eksingedalen sokneråd) leiar møtet i Vaksdal kyrkjeleg fellesråd. Til høgre for han, med klokka: Anders Boge (Vaksdal sokneråd, vararepresentant), Anne Hilde Fosse Osvold (Bergsdalen sokneråd), ordførar Hege E Vik (kommunen sin representant), Anne Margrete Eikefet (Stamnes sokneråd), Unn Evelyn Gullbrå (Nesheim sokneråd), Elisabeth Verpelstad (Dale sokneråd), Bjart Magnus N Rosvold (kyrkjeverje). På den tomme plassen, og bak kamera: Frode Kvamsøe (geistelig representant)

over straumen (Jåbekken) og buss til Eidsland. Då gjekk ikkje bussen lenger, så då vart det drosje til Vetlejord - ein flott burgunderaud Mercedes med grå kalesje. Eg trur bilen er tatt vare på av Billaget.

Det er særleg to minner frå desse somrane han har med seg, noko som skjedde kvart år.

- Det eine er at ein gong i løpet av sommaren blei vi vaska og kledd i finklær for då skulle vi i kyrkja på Flakoll og var med på gudstenesta som var der om

sommaren. Då høyde det og med å besøke «Skul-Anna» som var søster til oldefaren min. I løpet av sumaren reiste me og på «bytur», det vil seie til Dale!

## London

Lars gjekk på Handelshøgskulen i Bergen i fire år, der han vart utdanna til siviløkonom. I tillegg tok han eit 5. år, som vart sponsa av handelsbanken Samuel Montague & Co. Etterpå, i 1985, fekk han jobb i deira skipsmeklarfirma Gailbraith's.

# idra med



’  
I løpet av sumaren reiste me og på «bytur», det vil seie til Dale!

**Lars Patterson**

Lars budde og arbeidde i London i om lag 30 år, dei siste 12 åra arbeidde han i selskapet Marine Capital.

- Men kjende etter kvart at eg trengde ei endring. Eg vart rett og slett utbrent, seier han. På Vetlejord har han etablert ei databedrift, førebels med berre han som tilsett.

- Eg lærte meg programmering, og starta eit software-selskap. Selskapet utviklar program til bruk i finansiering innan skipsfarten.

## Kyrkja

Som økonom av yrke ser Lars på kyrkja si verksemd med økonomens sine auge:

- Det er økonomiske utfordringar i framtida. Men det er naudsynt å bruke pengar og investere i framtida. Kvar krone vi brukar på kyrkja sitt arbeid, gir meir enn ei krone tilbake. Gløym ikkje at kyr-

kja bidrar til gode verdiar, betre mental helse og det positive av å være del av eit samfunn som bryr seg. Det er viktig med ein god økonomiplan. Men god økonomi kan ikkje berre målas i pengar.

- Eg har fått eit positivt inntrykk av kyrkja i Vaksdal. Og det er kjekt å få vere med i arbeidet, men det er mykje å setje seg inn i. Det vert gjort mykje godt arbeid, og mykje av det var ukjent for meg på førehand. Kyrkja har mykje å bidra med. Eg kjenner at eg er med på eit godt lag, og at det er godt for ein sjølv å vere engasjert i arbeidet. Eg har vore ute i hardt vær fleire gonger i livet, og då er det viktig med gode sterke røter. Det er her eg har røtene mine. Eg trur det er sterke gode røter. Dei skal vi ta vare på.

**Tekst/bilete:  
Frode Kvamsøe**





Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Vaksdal, som me kallar Vegen i Vaksdal. Det er sjølvstilt livs- og trusvegen det handlar om, og målet om at alle som er døypte eller tilhøyrande Den Norske Kyrkja skal bli invitert til eit tilbod i kyrkja sin regi minst ein gong i året, til dei fyller 18 år.

Fylg *Vegen i Vaksdal* på Facebook! 

## Lys Vaken i Dale kyrkje



**Den lame mannen:** Dramatisering av forteljinga om den lame manne som venene bar til Jesus.

I slutten av januar inntok fleire av årets elleveåringar Dale kyrkje, og overnatta der. Dei var nok spente då dei kom til kyrkja, for fyrste gong med sovepose! Men opplegget fenga, og det vart eit kjekt lite døger i kyrkja. Dei var gjennom ulike aktivitetar, blant anna lagning av Kristuskrans (armband), og førebuing til gudsteneste. Og så fekk dei god mat sjølvstilt! Under gudstenesta søndag var dei fleste borna involverte på ulikt vis, og dei verka til og med lys vakne, trass sikkert litt mindre søvn enn vanleg!



**Lytta:** Born og vaksne lytta godt då Marie-Brit Bjerke las for dei.



## Tårnagenthelg i Vaksdal kyrkje!



Andre helga i februar var ein fin gjeng 2.klassingar frå fleire bygder i kommunen samla i Vaksdal kyrkje, for å bli tårnagentar! Fyrst måtte alle gjennom ein labyrint, for å koma fram til der dei fekk agentkortet sitt - med eige finger-

avtrykk sjølvsagt! Med agentkort rundt halsen og ein eigen agentbevegelse på plass, vart dei delte inn i grupper, og fekk ulike oppdrag dei skulle løysa, som å laga tårn! Det dukka òg opp ein mystisk fyr i svart frakk med melding frå sjefen...

Spennande! Til middag fekk gjengen «flaggermus-suppe», som faktisk gjekk ned på høgkant hjå dei aller fleste. Så øvde dei på den fengande tårnagent-songen og planla gudstenesta. På søndag var alle flinke tårnagentane i ak-

sjon anten med song, drama eller andre oppgåver under gudstenesta. Etterpå var det tårnagentis, forma som eit tårn sjølvsagt!

## Babysong, Lunsjtreff og Småbornssong på Dale

Me rakk å ha nokre gongar med babysong, lunsjtreff og småbornssong på Dale før koronaviruset gjorde at me måtte avlysa resten. Det var ikkje så mange som kom denne runden, men me hadde koselege «minisamlingar» med dei få som kom. Stundom er det fint å vera få òg. Praten går djupare då, og både små og store vert betre kjende med kvarandre. Gode menneskemøte!

## Knøttesong på Dale

Knøttesong for 2-5-åringar på ettermiddagar vart starta opp i fjor haust, og verkar å ha livets rett! Kjekke samlingar der det alltid kjem ein gjeng med små og store. Samlingane har vore ca. ein time lange, der me syng fyrste halvtimen, og et kvelds og leikar/pratar siste halvtimen. Slike uformelle måltidsfelleskap er kjekt og inkluderande, og ein fin måte å verta betre kjende!



## Kva skjer på VEGEN framover?

Her skulle det stått om fleire ulike ting, men me vågar ikkje å lova at det skjer nokon fysiske samlingar att i vår regi før i haust, grunna koronaviruset som herjar. MEN:

Me tenkjer alternativt! Allereie no ligg det film av ei songstund for born under skulealder, i facebookgruppa «Babysong, småbornssong og knøttesong i Vaksdal».

Me kjem til å dela fleire filmar av songstunder og bibelforteljingar, og også senda nokre samlingar «live» på Facebook så folk kan delta aktivt sjølv, til dømes ved å koma med songynskje.

Akkurat forma på alt veit me ikkje no, men fylg gjerne facebooksida vår «Vegen i Vaksdal» eller sjekk heimesida vår for oppdatert informasjon!

## Tankar frå trusopplæraren

Det er ei spesiell tid me er inne i no. Mange er heime, og ting som før var positivt og noko ein oppfordra til, er brått forbode. Ein skal ikkje reisa på hytta, ein får ikkje lov til å spela fotball mange saman, ein bør ikkje møtast fleire enn to og tre om gongen, helst dei same kvar gong. Det er ikkje så fysisk tydeleg lenger, kva fellesskap ein høyrer til. Og det å høyra til nokon andre, noko større enn oss sjølve, det er så utruleg viktig for oss.

Men kjernefellesskapet heime, det får me heldigvis framleis vera ein fysisk del av. Kanskje det kan bli styrka no? Der ein før farta rundt til jobb og barnehage og ulike fritidstilbod, er ein no heime, små og store. Ein har mykje tid saman. Tid til å spela brettspel, lesa høgt, baka, gjera ulike hobbyaktivitetar (kanskje det er på tide å oppfriska trolleig-skillsa?). Eller tid til å berre kvila, sitja på fanget, vera nære, prata saman om det ein tenkjer på akkurat då.

Å syngja saman er også ein fin aktivitet å gjera, og noko som hjelper på

humøret, om det går litt trått. For å vera heime alle saman kan òg vera ganske utfordrande, det er vel ein grunn til at «brakkesjuka» er eit etablert uttrykk. Hugs at det er lov å lufta seg! Og pass på at alle òg får litt åleineid innimellom, det treng både store og små.

Eg tenkjer òg på dei som bur åleine no. Det kan ikkje vera berre lett! Kanskje borna kan laga ei lita oppmuntring til ein einsleg nabo, og putta i postkassen? Ei koseleg teikning, eit lite brev, noko ein har perla? (Berre hugs å sprita hendene godt når de handterer det, eller tar i postkassen. For sikkerheits skuld...).

Å be saman, til dømes om kvelden, kan òg vera ein god, tryggleiksskapande aktivitet. Både desse dagane og alle andre dagar. Fellesskapet med Gud vert me aldri kasta ut av. Han som me ikkje ser, men likevel fornemmer, kjennest kanskje ekstra nær no. No når me er redde for eit virus som me heller ikkje ser, men som pregar både



media, kvardag og tankar.

Det er ikkje rart om ein kjenner på uroen. Men Gud tilbyr kvile. Me kan legga det vanskelege på Han, og be om at Han er med oss gjennom det. Det trur eg òg at Han er. Det betyr ikkje at alt er lett, at når ein har Gud med, går alt på skinner. Men det betyr at ein kan ha eit trygt kvileskjær når det stormar rundt oss og inni oss. Det er godt å kjenna på!

Eg synest det er trist at eg ikkje får møta små og store i vår slik eg ynskjer å gjera. Men, no når me

er tvungne til å tenkja alternativt, kan det kanskje koma noko godt ut av det? Kanskje me kan ha fleire faste samlingar på nett enn me hadde hatt sjans til å hatt elles? Kanskje eg blir kjend med nye born og foreldre på denne måten? Eg håpar det, og gler meg til å prøva ut ulike format framover. Det vert spennande og lærerikt! Så, til me møtest att, fysisk eller på nett: ta vare på dykk sjølve, og på dei de har rundt dykk.

Klem frå meg!

**Kristin**



# BARNAS SIDE

## Fargelegg!

Jesus rei inn i Jerusalem på eit esel, og blei hylla som ein konge.

Teikning: Claudia Chiaravalotti



## Finn vegen til den tomme grava!

Følg Jesus gjennom Jerusalem frå palmesøndag til påskedag.



## Finn 5 feil

Teikning: Claudia Chiaravalotti

Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under?



Gje barnebladet BARNAS til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement

på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no) eller 22 08 71 00



## VITSAR

- Pappa har byrja på bakekurs. I går lærte dei å bake bollar.
- Blei bollane gode?
- Kjempefine! Vi spelte bordtennis med dei heile kvelden.

Korleis finn myggen ut kva for blodtype eit menneske har?  
Svar: Dei tar stikkprøver.

# Dåp i ei koronatid

For tida er det ikkje vanlege gudstenester i kyrkjene våre. Korleis vil det då vere med særskilde kyrkjelege handlingar som dåp? Det vil vere mogeleg å forretta dåp når forsamlinga er under det kommunelegen har føreskrevet, som er 30 personar inkludert den kyrkjelege beteninga. Men me må vere budde på at talet kan endra seg i tida framover, kanskje til og med før dette bladet går i trykken.

## Dialog

Samtale rundt kva som er mogeleg vil vere naudsynt i lang tid. Me må vere budde på at krisa ikkje går over med det første. Det gjeld dei som allereie har meldt dåp, og dei som tenkjer å melde barnet til dåpen. Nokon er usikre på det å vente for lenge. Normalen har vore innan 6 månader, men ingenting tilseier at ein ikkje kan vente lengre. Ulempa er sjølv sagt at familiens dåpskjole kan verte for liten. Andre lurar på korleis ting kan gjennomførast. Eg vil prøve å gjere nokre generelle svar og tankar. Ikkje ver redd for å ta kontakt. Me har heimekontor og er budde på å vere tilgjengelege. Sikkerheita må ivaretaast for så vel familieane som oss som arbeidar i kyrkja. Dersom me sjølve ser at me står i fare for å kunne smitte andre, vil me avstå frå å gjere teneste.

Melding av dåp og førebuing  
Meldinga skjer som vanleg



over nettet på heimesida, men det å snakke med prest er no viktig. Når det ikkje vil vere regulære gudstenester som dåpshandlinga knyter til, så må det faktisk leggjast inn ei gudsteneste med høve til dåp i dataprogrammet vårt før dåp kan registrerast. Men det tyder òg at me kan vere fullt fleksible på dag og tidspunkt som fastsettast for dåpen. Når det gjeld samtale vil det vere mest naturleg å ta det på telefon, for å unngå nærkontakt. Bøker og papirer får ein då under sjølve handlinga.

## Dåpsgudstenesta

Me vil leggje opp til ei enkel og kort dåpsgudsteneste. Det er viktig at ein tek om-

syn til koronavettreglar. Dåp kan ikkje forrettast utan at ein nyttar vatn, og har nærkontakt med barnet eller den som skal døypast. Eg tenkjer at slik kontakt kan skje gjennom nære familiemedlemmar heller enn presten. Ein i familien kan ause vatn over hovudet på dåpsbarnet, medan presten seier orda: Eg døyper deg til namnet åt Faderen, og Sonen og Den heilage ande. Dette kan me talast om i den førebuingssamtalen.

## Kan dåpen skje i heimen

Biskopen har nett gitt eit tilsegn i avisa om at i ei slik krise, er det mogeleg å gjere

handlinga der presten er i kontakt på telefon eller skype. Eg tenkjer likevel at det vil vere litt krevjande å gjennomføre. Eg vil samstundes peike på at kyrkja har ei gamal ordning kalla naudddåp. Den har vore nytta i mange hundre år når det var fare for livet til dåpsbarnet. Den kan gjerast av kven som helst, som sjukehuslæste eller medlemmar av familien. Ein treng ikkje ha ei full gudsteneste. Det einaste er å ause vatnet tre gonger over hovudet på barnet, og seie orda: Eg døyper deg i namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage Ande. Amen. Då er barnet døypt. Seinare kan ein stadfeste denne dåpen ved ei gudsteneste i kyrkja. Då vil ikkje barnet verte døypt på nytt. Ein viser då til den dåpen som allereie er utført og dei vitna som er vitne på dåpshandlinga. Det må vere minst to vitne til stades. Eg tenkjer at i ei krisetid må dette kunne gjerast sjølv om ikkje det er barnet som er sjukt, men kanskje eit anna medlem av familien.

For mange vil det likevel vere mest naturleg å venta. Dersom det skulle hopa seg opp med dåp vil me kunne klare å henta det inn att gjennom å ha eigne dåpsgudstenester med fleire dåp når ein gong denne sjukdomstida tek ein ende.

**Helsing sokneprest**  
**Edvard Bø**



**Alt innan tømrararbeid**  
Tlf. 922 65 739  
post@falkangerbygg.no



**Falkanger Bygg er forhandlar av Idehus**  
Sjå [idehus.no](http://idehus.no)



**DALETEC**

# Jenta som spring

Manglar dei vatn på garden, er det ti år gamle Kila som ordnar opp. Viss ho ikkje er ute og spring.

Ho pilar over det grøne graset. Lett i steget, barbeint og i eit flagrande skjørt. Med verdas største smil.

- Eg elsker å springe. Eg kan springe heile tida. Det gjer meg så lukkeleg. Særleg viss venninnene mine blir med.

Så er det kanskje ikkje så rart. Ho delar heimlandet Etiopia med verdskjende løparar som Haile Gebrselassie. Men ho spring ikkje berre fordi det er kjekt. Ho har nemleg mange plikter i huset, som å hente reint vatn til familien.

## Tungt å bære vatn

10 år gamle Kila Hirpo bur i ein frodig del av landsbyen Beseko, cirka fem timar sør for hovudstaden. Midt på ei grøn slette ligg huset hennar omringa av ein maisåker, avokadotre, falske banantre og eukalyptustre.

Huset er bygd av leire, høy og trepinningar, og rommar ei stove og eit soverom. Det delar ho med besteforeldre, mor, to brøyr og ei syster.

- Eg elsker dyra våre. Kyrne som gir oss mjølk, oksane som hjelper oss i åkeren og eselet som hjelper oss med å bere.

Kvar dag hentar ho vatn både i elva og ved vass-stasjonen. Den er ein av 14 som landsbyen fekk av Kirkens Nødhjelp i fjor. Då vart det bora ein 120 meter djup brønn, og det vart lagt 16 kilometer med røyr inn til landsbyen.

- Det er tungt å bere, særleg i regntida når det er så glatt å gå, forklarar ho.

Landsbyen fekk vatn i september i 2018, men før det flykta folk frå landsbyen mellom anna på grunn av sjukdomar dei fekk av vatnet.

## Toppkarakterar i alle fag

Saman med brøyrne sine hjelper ho til på garden. Og ho har mange oppgåver.

- Eg lagar kaffi, hentar vatn, fjernar ugras frå maisåkeren og gjev til dyra, vaskar klede og huset.

Kila går i fjerde klasse, og ho er så glad i å gå på skulen at ho vil bli lærar. Det er nemleg ei smart ung



**Spring:** 10 år gamle Kila Hirpo elsker å springe. Foto: Kirkens Nødhjelp

dame vi har med å gjere. Som får toppkarakter i alle fag.

- Skulen er viktig for at vi skal utvikle oss og få ei utdanning. Eg vil til universitetet, forklarar ho.

## Matte er favorittfaget

- Eg vil så gjerne at andre skal skjønne kor morosamt matte er, så eg håpar å bli lærar i mellom anna matte.

## Avhengig av hjelp for å hjelpe

For at Kila og andre skal få reint vatn trengs det hjelp frå mange norske frivillige. Kvart år er tusenvis av frivillige med på å samle inn pengar til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid gjennom Fasteaksjonen. Det er nettopp desse pengane som gjorde det mogleg å levere reint og trygt vatn i Etiopia. For Kila og tusenar av andre menneskjer har dette vore livsviktig hjelp.

Også i år skal frivillige over heile Noreg vere med på å samle inn pengar til brønnboring, latrinebygging og andre tiltak som reddar liv rundt om i verda.

Verda står no overfor ein pandemi som rammer oss alle og i Kirkens Nødhjelp er vi spesielt bekymra for dei mest sårbare menneskja i verda. Kirkens Nødhjelp er til stade i 30 av dei mest sårbare landa i verda. Vi er allerede i gang med opplæring om koronaviruset og smitteforebygging i våre vass- og hygieneprosjekt i fleire av dei landa vi er til stade i.

For å hindre spreiding også her heime i Noreg, har vi i Kirkens Nødhjelp bestemt oss for at Fasteaksjonen ikkje vert frå dør til dør, men gjennomførast digitalt i år.

**Av Anette Torjusen**  
**Foto: Håvard Bjelland**

# GI EIT LIV MED VATN



Vipps til 2426 eller  
SMS VANN til 2426 (200,-)

I dag lever 1 av 9 menneske i verda utan tilgang til reint vatn. For 200 kroner kan du gje eitt menneske tilgang til reint vatn resten av livet.

**KIRKENS NØDHJELPS FASTEAKSJON**



**KIRKENS NØDHJELP**  
actalliance

I Vaksdal er òg innsamlinga berre digital, så nytt VIPPS eller SMS:  
**Gi eit liv med vatn vipps til 2426 eller sms vann til 2426 (200,-)**  
Sjå òg på heimesida vår.

**TOMME-**  
**STOKKEN BYGG AS**

Vi har stillas  
med hengjar til leige.

Tlf. 481 44 680

**ATLANTIS**  
**VVS & INTERIØR**

Din lokale Rørlegger i Vaksdal

☎ 95 97 17 00 

**ARNPRO** 

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no

 **BKK**

- vi gir morgendagen nye muligheter

**GRAVMINNER**



Utstillingen kan sees i butikk.  
Vi lager også modeller etter ønske.

• Navntilføyer • Omslip  
Restaurering • Bolting • Oppretting

  
**STEINRIKET**  
**DALE AS**

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no

**SÆTERDAL**  
**ELEKTRO**

Me leverer alt innan  
elektrikartenester.  
Tlf. 56 59 43 00

 **SparebankenVest**  
– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - www.spv.no

 **VAKSDAL BLOMSTER OG  
BEGRAVELSESBYRÅ AS**

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.

*Kransar - Sløyfer -  
Oppsatsar - Bårebukettar*

Mob. 91 17 97 66

**Ve** **vangen elektriske a/s**  
AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66      www.vangen-elektriske.no



**Bergsdalstunet**

Bergsdalstunet  
56 59 89 34

# SLEKTERS GANG



## DØYPTE

### Dale

12.01 Santi Myrvold  
02.02 Martin Solsvik Knutsen

### Vaksdal

05.01 Hanna Vik Soltvedt  
26.01 Thomas Bruvik



## VIGDE

### Bergsdalen

30.11 Heidi Berntzen og Antony Flete



## DØDE

med kyrkjeleg gravferd/bisetjing

### Bergsdalen

23.12 Kjell Alfred Rødland 1934

### Dale

19.11 Wilfred Urø Domben 1933  
26.11 Johan Paulsen 1933  
02.01 Monrad Rørbakken 1933  
04.01 Maria Kvamme 1933  
19.02 Sigrid Fyllingslid 1926  
22.02 Ingeborg Kyrkjeteig 1921  
14.03 Ida Langhelle 1918

### Eidsland

25.01 Olav Nordheim 1937

### Stamnes

09.12 Patricia Laila Hårvik 1943  
(gravlagd på Dale)  
12.01 Stig Magne Ulevik 1970

### Vaksdal

02.12 Borghild Olsnes 1922  
27.12 Andreas Langhelle 1933  
29.01 Lilly Margrete Drangevåg 1947  
22.02 Arne Drangevåg 1944  
03.03 Hildur Audestad 1926  
03.03 Haldis Skulstad 1941

## VIPPS



Vaksdal kyrkjelege fellestråd  
(bladpengar) 94073  
Vegen trusopplæringa 514111  
Vaksdal Kyrkje 137194  
Dale Sokn 525329  
Stamnes sokn 524776  
Bergsdalen sokn 552521  
Nesheim sokn 548798

## Nordhordland Begravelsesbyrå AS



AVD. VAKSDAL:

**Ann-Elin M. Gullbrå • Tlf. 56 99 25 70**

ME GÅR SAMAN MED DEG HEILE VEGEN.  
PLANLEGGING - BLOMAR - GRAVSTEIN

Tlf. 56 37 14 10 • post@nordh-bb.no • www.nordh-bb.no

- Når den tid kommer...

«Nytenkende, vakkert og verdig»

Tlf. 48 29 70 33

**GJENSKINN**  
www.gravminne.org



## VELKOMEN TIL KYRKJA

*Grunna den usikre korona-situasjonen legg me ikkje ut lista over planlagde gudstenester framover. Når ting byrjar å kome i gjenge att og me kan feire gudsteneste att vil me kunnjere desse på vanleg måte. Det vil seie i VaksdalPosten, Hordaland, på plakatar, på heimesida vår og på Facebook.*

## Orgelkonsertar i Vaksdal

Medan konsertar og gudstenester er avlyst, vert musikken i staden spela inn og lagt ut på

[www.kyrkja.no/vaksdal](http://www.kyrkja.no/vaksdal)

under «Kyrkjemusikk». Det første programmet kom 22. mars

Det kjem også opptak av salmer i forbindelse preiker på nett.

Følgjande konsertar er planlagde hos oss:

Orgelresitasjon i Stamnes kyrkje: Skjærtorsdag 9. april kl. 18.30 ved Anton Proskurnin

Orgelresitasjon i Eidsland kapell: Langfredag 10. april kl. 10.30 ved Ruben Gjertsen

Orgelresitasjon i Vaksdal kyrkje: Langfredag 10. april kl. 18.30 ved Ruben Gjertsen

Orgelkonsert i Dale kyrkje: Laurdag 2. mai kl. 16.00 ved Ruben Gjertsen



## KYRKJA I VAKSDAL

- VEGEN I VAKSDAL (TRUSOPPLÆRINGA)
- KYRKJENE I VAKSDAL
- BERGSDALEN KYRKJE

Det finst og andre sider med og om kyrkjene i Vaksdal, men dei er generert av andre, til dømes Facebook sjølv.



## *Bunad og stakkastove as*

*ny bunad*

*omsøm*

*bunadsølv*

*tilbehør*

*Ring for avtale 56 19 18 00*

*Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen*

*[www.bunadogstakkastove.no](http://www.bunadogstakkastove.no)*